

NYNORSKOPPLÆRING FOR VAKSNE INNVANDRARAR

Dette er eit brev frå Hordaland Mållag til alle kommunar i Hordaland, spesielt til dei nynorskkommunane som framleis gjev opplæring av vaksne innvandrarak på bokmål.

I 2015 endra Voss og Ullensvang norskopplæringa for vaksne innvandrarak frå bokmål til nynorsk. Det er framleis 20 nynorskkommunar i Hordaland som gjev denne undervisninga på bokmål.

I si tid var ei vesentleg del av grunngevinga at det mangla eigne læremiddel på nynorsk. Det er ikkje lenger tilfelle. I dag finst gode læremiddel på nynorsk til bruk i norskundervisning av vaksne innvandrarak, og nokre kommunar har undervist vaksne innvandrarak på nynorsk i meir enn 10 år. Så det er fullt mogleg.

Kvifor bør vaksne innvandrarak i nynorskkommunar få norskundervisning på nynorsk?

1. Nyare forskning viser at når avstanden mellom talemål og opplæringsmål er kortast mogleg, er det lettare for innvandrarakane å forstå. Dei høyrer "eg" i lokalsamfunnet, men lærer "jeg". Dei høyrer "kvifor", men lærer "hvorfor". Kvifor skal innvandrarakane tileigna seg eit anna språk enn det kommunen sjølv brukar?
2. Borna til innvandrarakane vil læra nynorsk på skulen. Dersom foreldra også lærer nynorsk, kan dei lettare hjelpa kvarandre. Det gjer det også lettare for dei vaksne å forstå meldingar og skriv frå skulen og kommunen. Me oppmodar også dei nynorskkommunane som har både bokmåls- og nynorskklassar å gje innvandrarakane undervisninga på nynorsk.
3. Å forstå lokalt talemål, vil gjera integrering lettare, og sjølv om nokre av innvandrarakane flyttar til bokmålsområde, vil det ikkje vera noko ulempe å kunna nynorsk, snarare ein styrke.
4. Mange innvandrarakar ynskjer sjøve å læra nynorsk, men må likevel læra bokmål.
5. Innvandrarakar som ikkje meistrar nynorsk, kan tapa i forhold til somme stillingar.

Kvar kan ein får råd og tips for å endra opplæringa av vaksne innvandrarak frå bokmål til nynorsk?

Språkrådet, Nynorsksenteret, Utdanningsdirektoratet, LEXIN-ordbøker, VOX (nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk), Læremiddelgruppa til VOX, Landssamanslutninga for nynorskkommunar (LNK), Gloppen opplæringscenter.

Hordaland Mållag oppmodar alle nynorskkommunar i Hordaland å gjera vedtak om at vaksne innvandrarakar skal få opplæring på nynorsk, på lik line med anna undervisning i kommunen.

Med venleg helsing



Astrid Helene Olsen
Leiar i Hordaland Mållag



Oddvar Skre
Leiar skulemålsnemnda i Hordaland Mållag